



## INFORMASJON OM TILSKOT FRÅ POST 74 I 2016

---

I statsbudsjettet for 2016 er det på Riksantikvaren sitt budsjett, kapittel 1429 post 74 Fartyvern, sett av kroner 101 883 000,- til fartyvern og grunntilskot til Norsk Forening for Fartøyvern.

### Prop. 1S 2015-2016, post 74 tilskot til farty

#### Mål

Midlane på posten går til bevaringsprogrammet for farty.

Målet med tilskotsordninga er å sikre og setje i stand freda farty og eit utval av farty der det er inngått avtale med eigarane om vern. For å møte den krevjande situasjonen innan verfts- og verkstadindustrien gjorde Regjeringa framlegg om ei eittårig styrking av løyvinga til fartyvern med 40 mill. kroner. Når det gjeld geografisk tilhøyring har dei aktuelle fartya ei god spreining. Ein tiltakspakke innan fartyvern vil vere eit bidrag til auka aktivitet i verftsnæringa.

Midlane under posten er relaterte til nasjonalt mål: «Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020». Nettsida Miljøstatus.no viser grad av måloppnåing for dei nasjonale måla.

#### Kriterium for måloppnåing

- Talet på freda og verna farty som er sette i stand.
- Opplysingar om restaurerings- og istandsetjingstiltak på verna og freda farty.

#### Tildelingskriterium

Målgruppa er eigarar og forvaltarar av freda farty og farty der det er inngått avtaler med eigarane om vern. Riksantikvaren fordeler midlane etter søknad til konkrete restaurerings- og istandsetjingsarbeid.

I tillegg kan Riksantikvaren sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak innan særlege satsingsfelt. Eit grunntilskot til Norsk Forening for Fartøyvern vert utbetalt over denne posten etter søknad frå foreininga. Tilskot til viktige sikrings- og restaureringstiltak vil bli tildelte etter følgjande prioriteringar: ålmenn interesse, offentleg tilgang, økonomisk gjennomføringsvilje og -evne, potensial for lokalt engasjement og særlege opplevings- og formidlingsverdiar knytte til fartyet. I tillegg skal tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, og farty som det finst få av, prioriterast.

Tiltaka skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med eventuelle andre retningslinjer frå Riksantikvaren. For å sikre ei kostnadseffektiv gjennomføring av omfattande og kompliserte istandsetjingstiltak, skal tiltaka planleggjast og prioriterast i startfasen.

#### Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar leverer sluttrapport på utført arbeid. Rapporten skal også omfatte ein økonomisk rapport til Riksantikvaren. Meir detaljert informasjon om rapporteringskrava vert gjevne i dei einskilde tilskotsbrev. Riksantikvaren kontrollerer at arbeida blir utførte i samsvar med dei vilkåra som er sette. Oppfølging på staden er særleg aktuelt og viktig for å sikre at arbeidet vert utført etter antikvariske retningslinjer.



## Rundskriv T-1/15 - tilskotsordningar for 2016

### Generell omtale

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltninga, og gjev råd og rettleiing i faglege spørsmål til Klima- og miljødepartementet. Riksantikvaren forvaltar tilskotsmidlane over postane 70, 71, 72, 73, 74, 75 og 79. Sametinget forvaltar tilskotsmidlane over post 50.

Hovudføremålet for kulturminneforvaltninga er å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø, og ta vare på kulturminne som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping.

Tilskotsmidlane må ein sjå i denne samanhengen. Eigjar vil som ein hovudregel ha ansvaret for gjennomføringa av eit tiltak, men i einstilte høve kan det vere føremålstenleg at Riksantikvaren, fylkeskommunen/Sametinget eller kommunane er ansvarleg i samarbeid med eigjar. Der det er mogleg bør tilskotsmidlane kombinerast med ordningar for opplæring som kan løfte kunnskapsnivået innan antikvarisk istandsetjing. Det vert lagt vekt på utvikling av handverkskompetanse og bruk av tradisjonelle handverksteknikkar og materiale.

### Tilskot til Fartyvern Kap. 1429 post 74

#### *Mål for ordninga og målgruppe*

Tilskotsordninga er knytt opp til Bevaringsprogrammet for farty. Målet med ordninga er å sikre og setje i stand eit utval av freda farty og farty der det er inngått avtale med eigjarar om vern innan 2020. Målgruppa for ordninga er eigjarar og forvaltarar av slike kulturminne.

#### *Tiltak som kan få tilskot*

Tilskot vert fordelt til konkret istandsetjings- og vedlikehaldsarbeid på farty. For å få tilskot er det ein føresetnad at tiltaket fell inn under målet for ordninga. Ved fordeling av tilskot skal Riksantikvaren innanfor disponible budsjettmidlar utføre ei samla fagleg vurdering av tiltaka i lys av den einstilte søknaden, og av behovet og venta miljøfaglege resultat som er synleggjort i søknaden. Riksantikvaren kan også sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak innafor særlege satsingsfelt. Grunnstilskotet til Norsk Foreining for Fartøyvern, som er på 1,995 mill. kroner, vert utbetalt over denne posten etter søknad frå foreininga.

Tilskot vil bli tildelt etter følgjande prioriteringar: Viktige sikrings- og restaureringstiltak som har ålmennt interesse, offentleg tilgang, økonomisk gjennomføringsvilje og -evne, potensial for lokalt engasjement, særlege opplevings- og formidlingsverdiar knytt til fartyet. I tillegg skal tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall og fartøy som det finst få av prioriterast. Tiltaka skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med eventuelle andre retningslinjer frå Riksantikvaren. For å sikre ei kostnadseffektiv gjennomføring av omfattande og kompliserte tiltak skal det i startfasen gjennomførast planlegging og prioritering av tiltaka. Farty som er freda ved vedtak etter kulturminnelova vil bli særskilt prioriterte.



## Særskild om søknadsrunden i 2016

Det har kome inn søknader frå 169 farty, 3 SAVOS-fylke og ein SAVOS-kommune på om lag kr. 308 millionar for inneverande år. Riksantikvaren sitt budsjett for 2016 dekkjer om lag 32 % av den samla søknadssummen. Dette medfører at einskilde farty som oppfyller kriteria for tilskot og/eller fell inn under Riksantikvaren sine prioriteringar likevel vil måtte få avslag eller redusert beløp i høve til søknaden.

Innafor tildelingskriteriene frå Klima- og miljødepartementet har Riksantikvaren difor gjort ei ytterlegare prioritering som framkjem av lista under.

### **Prioriteringar i 2016:**

Samla for alle prioriteringane, er at dei skal bidra til å sikre den antikvariske handverkskompetansen knytt til fartyvern, og også bidra til sysselsetting.

1. Freda farty
2. Tilskot til større fartøy som kan miste sertifikat utan utbetringar. Fleire har pålegg frå Sjøfartsdirektoratet som vil medføre relativt store kostnader.
3. Vidareføre / fullføre igangverande prosjekt.
4. Få fartøy av slipp og/eller ut av dokk.
5. Rimelig geografisk fordeling.

### **Prioriterast ikkje i 2016:**

1. Kosmetiske tiltak.
2. Tilbakeføringar/endringar som ikkje er ein integrert del av andre igangverande tiltak.
3. Igangsetjing av nye, store prosjekt med høg kostnad eller der tilstanden er ukjend.
4. Tiltak som ikkje direkte kjem fartya til gode, som ulike former for formidlingsprosjekt o.l.

**Søknadsfrist for 2017 er 1. november 2016.**